

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 14.09.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Arne Skjelten  
**SAKA GJELD:** **Bierverv i Helse Førde – status**

**ARKIVSAK:** 2020/6085

**STYRET:**  
Styret i Helse Førde HF

**MØTEDATO:**  
21.09.2023

**STYRESAK:**  
053/2023

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek orientering om bierverv til vitende.

## Bakgrunn for saka

Våren 2015 vart det gjennomført internrevisjon av arbeidet med bierverv i føretaka i Helse Vest i samsvar med vedtatt revisjonsplan.

Hovudkonklusjonen frå revisjonen var at Helse Vest har retningslinjer og system for å praktisere regelverket for bierverv, men at intensjonen om å ha eit system for registrering av desse som sikrar ei fullstendig, gjennomsiktig og lik behandling av bierverv ikkje var realisert. Internrevisjonen kom med råd om ni tiltak for oppfølging i føretaka.

Internrevisjonsrapporten og tilrådde tiltak for oppfølging i føretaka vart handsama i styret i Helse Vest RHF, sak 086/15 og i styra i føretaka i Helse Vest.

Styret i Helse Førde HF slutta seg til føreslått oppfølging av revisjon bierverv i sak 055-2015A. Føretaket har etter dette innlemma tiltaka i arbeidet med bierverv.

August 2016 starta Riksrevisjonen ei undersøking av helseføretaka si handtering av bierverv, gjeldande etiske retningslinjer og retningslinjer for bierverv. I januar 2017 vart undersøkinga følgd opp med ytterlegare spørsmål knytt til retningslinjene, søknadsprosessen, registera og korleis dei vert nytta samt vurdering av risiko. Førespurnaden frå Riksrevisjonen er svart på. Føretaket har ikkje motteke tilbakemelding frå Riksrevisjonen etter dette.

## Oversikt bierverv i føretaket

Helse Førde HF har våren 2017 sendt ut rapport til klinikkdirektørar om søkte/melde bierverv ved alle einingar i føretaket med spørsmål om dette gir eit rett bilde av status for bierverv ved den aktuelle eininga.

I tillegg bad vi klinikkdirektørane oppmøde om at dersom nokon ikkje hadde søkt om bierverv, så vart det gjort. Vidare minna vi om å ta opp bierverv i medarbeidarsamtale.

Bierverv er òg lagt inn som emne i førebuing til medarbeidarsamtale i kompetanseportalen.

Sidan det for dei fleste ikkje er krav om gjennomføring av medarbeidarsamtale oftare enn anna kvart år, vil mest truleg effekten av dette ikkje kome til syne før etter ei stund.

Frå rapport/sak i styret 2022 til ny rapport august 2023 har det kome til følgjande nye søknader om bierverv:

Kirurgisk klinikk	- 16 søknader frå 13 tilsette
Medisinsk klinikk	- 4 søknader frå 3 tilsette
Psykisk helsevern	- 2 søknader frå 1 tilsett
Støttetjenester	- 3 søknader frå 1 tilsett
Drift og eigedom	- 0 nye søknader

I same periode har nokre bierverv gått ut (godkjeningsperioden er passert – søknadsperioden er ikkje utvida).

Per i dag er det 164 medarbeidarar som har godkjende bierverv. Samla er det meldt 205 bierverv i perioden (2012-2023). 213 bierverv har gått ut i perioden 2012 - 2023. Det er ikkje gjort endringar i retningslinjer eller praksis for handtering av bierverv.

Meldingar frå arbeidstakar i meldings- og sakshandsamingssystemet gir ikkje eit godt nok grunnlag for å kategorisere bierverva i alle høve.

Under følgjer oversikt over korleis søknader om bierverv (25) i perioden august 2022 til og med august 2023 er grupperte.

Andre virksomheter i Helse Vest	1
Andre offentlege helseføretak	4
Anna	10
Leverandør/legemiddelindustri	0
Ikkje helseretta verksemd	1
Primærhelseteneste	5
Privat ideell helseretta verksemd	3
Privat kommersiell helseretta verksemd	0
Privat legekontor m/allmennpraksis	0
Universitet/ høgskule	1

I desse tala ligg også søknad for perioden som enno ikkje er godkjent/behandla.

## Oppsummering

Rapportar viser litt nedgang i tal registrerte bierverv i perioden samanlikna med 2022. Det blir i klinikkane sine leiargrupper informert om retningslinjer for bierverv. HR vil halde fram rutinen med å sende årleg rapport med oversikt over bierverv i klinikk til nivå 2-leiar. Retningslinene knytt til bierverv vert vidareførte. Det er ikkje kome tilbakemeldingar til Helse Førde frå Riksrevisjonen i samband med kontrollen av helseføretaka si handtering av bierverv (januar 2017).